

"Eg har sykla nett for deg"

20.10.2006



Jan Frank Christiansen før han starta på sykkelferda si sist sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen).

"Eg har sykla nett for deg", skriv Jan Frank Christiansen i fotoutstillinga si i Kulturhuset på Husnes. Med det linkar han dokumentasjonen av den eineståande ferda si sist sommar til søndagens brennaktuelle tema. Utstillinga har vore på plass ei veke og blir ståande nokre veker til.



"Liten storkontroll" er teksten under dette bildet.

Med den 4.125 kilometer lange turen sin innom kvart einaste fylke i Noreg har Christiansen sykla over 0,6 millimeter for kvart einaste levande menneskje på jorda. Han held fram: " Det gjeld deg og. Du kan for din del lett komma ifrå det ved å legga ei lita gåve attende i sykkelflaska. Til det imponerande, motige og lindrande arbeidet som Leger utan grenser gjer mot lidinga kringom i verda."

Då uskedalen.no var på utstillinga "Noreg attom eit framhjul" var det fleire som fylgde oppmodinga om å legga pengar i sykkelflaska til uskedelingen. Samstundes tok dei med aukande begeistring del i ei ferd som var noko langt meir enn ein fysisk prestasjon i form av ein sommarleg sykkelstur. "Rett bak gjerdet og hindra dine finn du eventyrlege Noreg", slår Christiansen ettertrykkeleg fast.

Med ein gammaldags Minolta som tydelegvis er vel så god som noko avansert digitalkamera har Christiansen fotografert sykkelen sin i dei mest slående og fantasifulle samanhengar. Dei 123 bileta er eigna til å utløysa humrande kommentarar samstundes som mange av dei korthugne tekstane er avansert ord-ekvilibrisme.

Bileta er også rydda i naturlege bolkar med tankevekkande innleiingar som slett ikkje er utan brodd, " I Noreg er det ikkje lenger grenser for likestilling, men elles for det meste" er eit døme på det. I formuleringane sine kjem filosofen Christiansen tydeleg fram.

For å nytta Cristiansen si eiga formulering formidlar han detaljar av eit allsidig Noreg gjennom oppkutta og uferdige synsinntrykk og tankespor. Men framom alt er utstillinga eit døme på kva ein kan oppleva berre ein har evne til å sjå detaljane rundt seg og assosiera.

Christiansen fekk ikkje den naudsynte respons for å presentera denne utstillinga på heimebane i Uskedalen og det kan ein beklaga. Men samstundes må det innrømmast at utstillinga no har den rette plasseringa - i kulturen si høgborg på Husnes blir den sett av mange.

Eit anna spørsmål er dette: Set vi tilstrekkeleg pris på ein ressursperson som Jan Frank Christiansen i Uskedalen?

Av Ola Matti Mathisen.



Mange fylgjer oppmodinga og legg pengar i sykkelflaska.